



## Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
132/16	Formannskapet	25.08.2016

<b>Sakshandsamar:</b> Marte Bergum Hansen	<b>Arkiv:</b>	<b>Arkivsaksnr.</b> 13/738 - 7
---	---------------	--------------------------------

### Offentleg høyring- Detaljreguleringsplan for Fillestølen

#### Kort samandrag:

Saka gjeld 1.gangs handsaming av framlegg til Detaljreguleringsplan for Fillestølen. Planområdet er på ca 1150 daa. Talet på fritidseigedommar er auka frå 74 til 120.

#### Rådmannen si tilråding:

Formannskapet legg Detaljreguleringsplan for Fillestølen (PlanID 1422-2013005) til offentlig ettersyn jf. Plan- og bygningslova §12-10.

### 25.08.2016 Formannskapet

#### Røysting:

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

#### FS-132/16 Vedtak:

Formannskapet legg Detaljreguleringsplan for Fillestølen (PlanID 1422-2013005) til offentlig ettersyn jf. Plan- og bygningslova §12-10.

#### Vedlegg:

Planomtale og føresegner Reguleringsendring Fillestølen Hyttegrend 2016.pdf

**Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.**

Plan- og bygningslova

Naturmangfaldslova

### **Saksutgreiing**

Bakgrunnen for planframlegget er at Meto Pro har vore engasjert av Knut Maristuen til å utarbeide Detaljreguleringsplan for Fillestølen. Planen inneheld område for fritidsbustad, friområde, vegareal, og skiløype.

Planen samsvarar med overordna Kommunedelplan for Filefjell.

Planområdet er lokalisert på Filefjell og er på om lag 1150 daa. Planen er delt i to av reguleringsplanen til Statens vegvesen for E16. Områda skal handsamast som ein plan, og reguleringsplan for E16 skal fortsatt gjelde.

Talet på tomter er i planframlegget utvida frå å vera 74 stk. til 120 stk.

Det er lagt opp til å nytta både eksisterande og nye køyreveggar. Parkeringsareala skal utvidast noko, samt at det skal lagast eit nytt fellesparkeringsområde P3.

Omsynet til natur, kultur og friluftsliv er gjort greie for i planomtalen, og syner ikkje nye utfordringar høve desse kvalitetane.

Det er valgt å ikkje lage eigne spesialområde kulturminnevern eller lokalt viktig naturtype då ingen av funna vert berørt av fortettinga.

For nærmare gjennomgang av planframlegget, vert det synt til vedlagt dokument med Planomtale, føresegner, kart, ROS og KU.

### **Vurdering**

Innhaldet i planen, dagens situasjon og verknader av planframlegget er omtalt i planomtalen.

Planen er i tråd med kommuneplanen og vil gje fleire tomter for fritidsbustad. Det er lagt opp til å nytta eksisterande avkøyrslar frå E16 og inne i hytteområdet skal det nyttast eksisterande veggar, samt leggjast til rette for nokon nye. Det vert utviding av parkeringane og ein ny parkering. Det kan byggjast inntil 2 bygningar på ei tomt, dvs. ei hytte og eit anneks/uthus, og byggjegrense skal følgjast. Inga bebygging er tillete nærare enn m frå

eigedomsgrenser. BRA kan vera opp til 150 m<sup>2</sup> i tillegg til anneks/uthus på 35m<sup>2</sup> .

Det er to planflater i planen. Dette er fordi ein ynskjer å unngå konflikt med reguleringsplan for E16. Kommunen har vore i kontakt med fylkesmannen og fått til svar at ei framstilling av fleire planflater for same reguleringsplan er mogleg, føresett at desse står i ein planmessig samanheng, som kommunen meiner desse planflatene gjer.

Konklusjon:

Rådmannen finn at planframlegget er godt nok gjennomarbeidd til at detaljreguleringsplan for Fillestølen kan leggjast ut på høyring slik den no ligg føre.